

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 26.11.2021

Svar på spørsmål fra Terje Kolbotn (R) - Bybanen og Bryggen

Vestland fylkeskommune er kulturminnemynde og vi samordnar kulturminnefaglege innspel frå kulturminneforvaltinga (Vestland fylkeskommune, Riksantikvaren og Bergen sjøfartsmuseum). I samband med utviding av planområdet for tunnelalternativet gav Riksantikvaren fråsegn 6. september 2021. Resultata av verdsarvekspertane si KonsekvensUtgreiing for VerdsArv - KUVA - vart kjende 30. september, då vart også risikovurderingane lagt fram. På grunn av mykje merksemd omkring Bybanesaka har Riksantikvaren i nytt brev av 05.11.2021 klargjort si rolle i plansaka (sjá vedlegg).

Kulturminnemynde si rolle i planprosessen er ikkje å gje garantiar for at Bybanen over Bryggen vil unngå konflikt med verdsarven. Tiltakshavar har ansvar for å utgreie konsekvens for verdsarven etter særskilt metode - KUVA - KonsekvensUtgreiing for VerdsArv. Som arealplanmynde har Bergen kommune ansvar for å legge ut reguleringsplanen for Bybanen til Åsane på offentleg ettersyn. Kulturminnemyndet skal kontrollere kommunane sine arealplanar og fremje motsegn til planar som er i konflikt med nasjonale interesser.

Den førebelse KUVA-rapporten har peika på at både dag- og tunnelalternativet må omarbeidast for unngå negative konsekvensar for verdsarven. Kulturminnemynde si vurdering av dei to alternativa er i samsvar med vurderingane gjort i KUVA-rapporten. Tunnelalternativet har størst risiko, og konfliktreduserande tiltak og effekten av dei er ikkje klare. For dagalternativet kan vi sjá framlegg til realistiske og effektfulle konfliktreduserande tiltak. For å løyse konfliktane mellom tiltak og verdsarvverdiar for alternativa, må tilrådingane i KUVA-rapporten følgast. Vidare KUVA-prosess er difor naudsynt.

For å sikre dette innstilte fylkesrådmannen i vedtakspunkt 3 følgjande: «3. Fylkesutvalet ber om at tilrådingane i KUVA vert følgd opp for å ivareta verdsarvstaden Bryggen. Dette skal kvalitetsikrast gjennom vidare KUVA-prosess og dialog med kulturminnemynde.»

Fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune gjorde vedtak om dette. Administrasjonen si oppgåve framover er å følgje opp vedtaket.